

6 KULTUR

# Merkeleg roman av ein ny Norlands-forfattar

Henry Oddlo Erichsen:  
«Brannsåret».  
Grøndahl.  
251 sider.

«Det begynte med kampene i Narvik i 1940... Arnfinn kom svømmende i meterdyp sne ned fra Rombakfjellet... Han var sulten og forfrossen... Kvalmen forfulgte ham. Han hadde nylig møtt et lik som satt med ryggen mot en trelegg... med et kulehull i Adamseptet. Den unge tyske soldaten var forlengst dypfrossen, blodet fra kulehullet lignet røde klinkekuler...»

Arnfinn ble fra nå av kodet for møter med død og fordøvelse... Det var da det begynte å brenne inne i ham, brennsåret som aldri ville gro.»

Han får vondt for å finne seg til rette i samfunnet att etter fengslet og krigen. «En dag satte han inn en annonse i lokalavisen: – Til leie. Solid gren med høvelig rep, samt fotskammel, utleies. Ugenert sted. Rimelig avgift uten ansvar for eventuelle ulykker. Bill. mrk. 4483.»

Det var då dei kom. Sidan vart han innlagd i det store huset i skogen. Konklusjon: Depressiv på 24. året. Post 14. Snill og medgjørlig. Påstår å ha brannår inne i seg.

Han strikker skjerf. Han har strikka fire nautiske mil med skjerf i desse åra.

Men denne pasienten har stort sett hovudet intakt. Han vurderar og filosoferar for seg sjølv. Han lever opp att livet sitt som i eit klårt fjernsyn, barndom, ungdom, dei vaksne åra før han fekk strikkejobben. Fram til krigen 1940, då den vanvittige historia tok til.

«Men mannen med bundingen



Nordlendingen Henry Oddlo Erichsen har skrive ein oppsiktsvekkende debutroman, meiner Knut Hauge.

orket ikke fortelle sin historie, orket ikke å gjenta detaljene fra helvetes luer. Skulle Arnfinn... vrenge innvillene ut og blottlegge sin onde sjel ville han bli utskrevet som frisk. Og har man først erkjent å være gal bør man stå på sitt.

Arnfinn smiler og er tilfreds, for i grunnen er hans tankeverden mer normal enn mange utenfor... De største og farligste idiotene er fremdeles utenfor. De sitter der og avgjør menneskenes skjebner ved å trykke på knapper – men ingen lovparagrafer når dem.

Ein dag kjem ei tysk dame til institusjonen. Ursula Bushmann, nonne frå Benediktinerordenen.

Arnfinn snakkar tysk, og han er klinkande klår i toppen. Ho er på leitning etter bror sin som vart borte i krigen. Ho har fått eit identitetsmerke av metall, funne på ein djupfrosen tysker i snøen. Ho opnar nonnadrakta i brystet, tek fram ei lenkje med eit krusifiks av gull og hengjer om halsen til Arnfinn. Det skal han ha fordi han fann bror hennar.

«Han famlet ned i busserullen og dro opp eit annet kors, Jernkorset av første klasse. Han la det i kvinnens hånd – slaget om Stalingrad, og her – han fisket opp flere fra sitt bryst – für Vi elgerühmte Tapferkeit – og dette – Für Kriegsverdienst – og dette Uno Bataillon Francais.

For Arnfinn gjekk på ein eller annan måte i tysk teneste etter krigen i Nord-Noreg, kjempa på austfronten med «Nattguttene» i SS-kommando Odessa – Etter ein spissrotgang nordover Europapakartet etter samanbrotet i 1945 nådde han Ladogasjøen, segla på ein tømmerstokk der eit døger, kom seg alltid unna soldatane, inn i Finland, tok seg av to barn på vandring. Han, nattmannen frå Odessa – kom fram til ein norsk post omsider, levverte barna der og bad om å bli arrestert, som han òg vart, etter påbod og lov.

Brannsåret er ein roman med ein eigenarta komposisjon. I retrospektive glimt lever han opp att det usansynlege dramaet før han kom til det store huset i skogen. Av og til syntes ein å merke mykje av Hamsun, gjennom historia om fru Ragnhild på herregården, dottera Beate og den my-

stiske og sjarmerande prokuristen, som 9. april syner seg å vera lokal Ortskommandant, også med eit brannår inne i seg som aldri vil gro.

«Jau, Hamsun er ofte medverkeande her, men det er det same, for Oddlo Erichsen er suverent seg sjølv og står så avgjort på egne bein, ein forfattar som overraskande står overtydande fram etter eit par eksperimenterte bøker med tekster og noveller. Dette er ein fascinerande roman i all sin groteske realisme. Den fortel om det einsame, tenkjande menneske innesperra i samfunnet, og om den vettlause verda som rasar mot undergangen.

Hamsun? Er det rart om denne trollmannen i språk og stil har sett sitt stempel på somme skrivande nordmenn, og då serleg på nordlendingen? Eg ser det ikkje som eit minus her, men som ein pluss. Det er slett ikkje etterklang, det er noko som ligg i landskap og miljø og mentalitet, og som slår over i nye diktarar med høvelege mellomrom. Lykkelege diktarar som har ein slik inspirasjon direkte frå kjeldene! «Men årsaken til krigen skulle være en korporal i Tyskland, hvorfra altså fru en og jeg fikk tilsendt en blå svastika siste høst. Så var han vel en satans galning som tente en verdensbrann? Ja, kors – men verden trengte så inderlig en slik fyr i tider da industrien arbeidet tungt. Men historien er ellers rik på slike psykopater, og fremtiden vil neppe bringe forandringer i så måte.»

Men Arnfinn endar ikkje sine dagar i institusjonen. Etter å ha strikka fire nautiske mil skjerf hender det at han søker permisjon, og blir ynskt lykke til av sjefpsykologen. – Og så annonserar du ikkje i lokalavisen meir, seier han og blunkar.

Han får seinare testa sin IQ, og tullingen og taparen ligg ein stad mellom 130 og 160. Endå ei tid seinare blir han motteken på brygga i Kiel av ei svartkleidd kvinne som kjører ein Golf 1981. No bur han utanfor Hannover by. Der har Ursula Buchmann ein landstad, ein gammal bondegård frå 1700-tallet. Der dyrkar Arnfinn tomater, og kryssar orkidear i djup konsentrasjon.

Den siste krigen synest å vera ein utomeleg inspirasjon for diktarar all verda over. Kunne berre dei mange milliardar lesarar lære noko av det, og skape ein verdsopinion mot ein ny krig.

Denne merkelege romanen av ein ny nordlandsdiktar fungerer i alle fall godt i den prosessen.

Knut Hauge